


Aktinolit i kvarts frå
Vinstradalen. Kvartsen
opptrer i urein kalkstein.

TO HUVUD

er bedre enn eit

• *Tekst: Tor Witsø foto: Roger Bjerkan*

Dette handler om to karar med kvar sin lidenskap – mineralleiting og naturfoto. Mineralsamlaren har halde på i ca tjuefem år med hobbyen sin. Han har hatt stor framgang, har funne fleire mineral som tidlegare var ukjente i Norge og han har ein stor mineral-samling.



Brochantitt frå Gråurdjfellet. Dette er den litt uvanlege plateforma varianten. "Pakka" er knapt ein millimeter lang.

To huvud er bedre enn eit. Dette ordtaket gjeld i mange høve. I denne fortellinga handler det om eit spesielt samarbeid og kva dette ga til resultat. To karar møtte kvarandre. Den eine leita og samla mineral og den andre fotograferte natur. Mineralsamlaren hadde hatt denne hobbyen i meire enn tjue år, og naturfotografen var heller ingen fersking.

Først nemnte var komen til eit kritisk punkt. Han tok til å tvile på nytta av det han dreiv på med, og interessa dovnå. Rett nok hadde han opplevd mye i samband med hobbyen sin, lært mye og han hadde vorte kjent med andre som hadde samme interessa.

Dessutan hadde han funne fleire mineral som tidlegare ikkje var funne i Norge. Ein skulle tru at han måtte vera vel fornøgd. Dei fleste kan berre drømme om å oppleve noe tilsvarende det han har opplevd. For ein amatør kan det oppstå problem når han finn ut kor lite han veit og kor liten han er. Di meir ein lærer, di bedre ser ein det fänyttige i det ein held på med og dermed blir ein lett mismodig. Når ein kjem til dette punktet er det viktig at ein ser det positive i det negative og med utgangspunkt i dette paradokset prøver å finne nye vegar å gå.

Mineralsamlaren fann ut at det måtte vera gjevande å få andre til å bli oppteken av samme interessa. Han går optimistisk igang, både i skrift og tale – særleg i skrift – men han møter snart veggen. Folk vil helst snakke om gull. Alt anna er uinteressant. Kanskje dei trur det er veldig vanskeleg, at mineral er noe som finnes alle andre stader enn der kor ein sjøl bur? Dei trur kan hende at dei må heilt til Afrika dersom dei skal finne krystallar? At krystallane ligg rett framom dei er visst vanskeleg å skjønne. På mineralmuseum kan ein sjå store fine krystallar som er funne andre stader i verda, berre ikkje der ein sjøl bur. Dei fleste har aldri lært at storparten av krystallane er så små at dei ikkje eingong kan sjåast i ei sterk

lupe. Krystallar som er synlege i vanlege små luper er relativt sett reine kjempene, og dei kan ein finne over alt kor det er fjell. Mineralsamlaren fann etterkvart ut at dersom han skulle greie å overtyde folk om dette måtte han ha gode bilde av småtteriet. Dette var ikkje så beinast å få til, for sjøl hadde han ikkje det minste greie på fotografering.

Da var det at han ved eit reint tilfelle møtte ein kar som i mange år hadde dreve med naturfotografering. Sidan så godt som alle mineralbildene er tekne i kunstig lys, såg han det som ei utfordring å berre bruke dagslyset. Alle som har dreve med fotografering veit kva som krevst av tid, tolmod, lys og andre vertilhøve for å få til gode resultat. Så er det å håpe at trykken yter bilda rettferd.



Holrom i kvarts. Veggane i holet er dekt med krysokoll. Tvers over holet står ei baryttplate på kant og breidda på holet er mindre enn ein millimeter. Minerala er identifisert ved NGU og funnet er frå Dovrefjell.

Krysokoll på gneis frå Dovrefjell. I gneisen er det mye rutil. Her er noen krystallar som knapt kan sjåast berre med auget. Kopparsilikatet er amorft og er truleg krysokoll. (NGU og NTH). Bergstøl kunne sjå at det inneheldt brochantitt og tellurium.

